

RETNINGSLINER FOR

TILDELING AV KULTURMIDLAR

HEMSEDAL KOMMUNE



Vedteke 12.11.2025, sak 85/2025 i Hemsedal kommunestyret

Føremål

Hemsedal kommune vil i sin kulturpolitikk sikre barn og unge meistring og opplevingar innanfor kulturlivet. Gjennom kultur og idrett styrkje kjensla av samhald og fellesskap.

Retningslinene skal medverke til at Hemsedal kommune fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd i tråd med prinsippet om armlengds avstand, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Retningslinene skal òg understøtte kulturfeltet si rolle i å leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.

Verkeområde

Ordningane gjeld tilskot frå Hemsedal kommune til lag, organisasjonar, institusjonar og einskildpersonar med aktivitet og tiltak hovudsakleg i Hemsedal. Regionale aktørar kan søkje dersom dei har medlemmar frå eller dokumentert aktivitet retta mot Hemsedal.

Målgrupper og prioriteringar

Kulturmidlane skal særleg bidra til inkluderande aktivitetar for barn og unge, styrkje mangfald, likeverd, likestilling, motverke mobbing og utanforskap, og leggja til rette for deltaking for alle, inkludert personar med funksjonsnedsetjing.

Organisering og ansvar

Kulturmidlar i Hemsedal kommune blir gjeve over kulturbudsjettet innanfor ramma av økonomiplanen som kommunestyret vedtek. For å sikre at prinsippet om armlengds avstand vert ivaretatt, skal det oppnemnast eit fagleg utval for kulturprisen, kulturmidlar og kulturstipend.

Utvalet skal bestå av 3 medlemmar med relevant kultur- og idrettsfagleg kompetanse, og skal vera:

- Styreleiar i Hemsedal idretts- og aktivitetsråd
- Verksemdsleiar kultur
- Kulturskulerektor

Alle skal ha personleg vara

Administrasjonen førebur sakene og tek vedtak i tekniske saker (t.d. avvising pga. frist/eigendokumentasjon).

Utvalet vurderer alle innkomne forslag samt innstilling frå ungdomsrådet, lagar ei skriftleg innstilling med grunngjeving og gjer endeleg vedtak.

Tildeling vert lagt fram som orienteringssak for Hovudutval for Livsløp etter vedtak.

Tilskotsformer

1. Tilskot til rusfrie arrangement/aktiviteter til barn og unge

Ungdomsrådet vil at tilskot skal kome ungdomar frå Hemsedal til gode. Difor er det spesifisert at det skal vera for målgruppa barn og unge frå Hemsedal. Søknaden må innehalde:

- Kort beskriving av tiltaket
- Mål og målgruppe
- Enkelt budsjett

Det er viktig at dette blir halde på eit enkelt nivå slik at ikkje høge krav set ein stoppar for dei frivillige og kreative søkjarane.

Dette er frivillig arbeid/aktivitet og søkjarane kan være barn og unge sjølv. Arbeidet/aktiviteten meiner vi er viktigare enn at dei spesifikt skal legge fram tal.

Tilskot til rusfrie arrangement/aktiviteter for barn og unge blir innstilte av Ungdomsrådet før endeleg vedtak i fagleg utval

2. Tilskot til drift

Alle lag og organisasjonar, hovudsakleg med aktivitet og tilbod for barn og unge, i Hemsedal kommune kan søkje om tilskot til drift. Andre regionale lag kan også søkje, som har medlemmar frå Hemsedal. Krav om medlemskontingent og medlemsliste. Aktiviteten i laget vert vurdert. Søknaden må innehalde:

- Rekneskap frå siste år
- Medlemsliste
- Budsjett og årsmelding

3. Tilskot til arrangement

Lag og organisasjonar kan søke om tilskot til arrangement hovudsakleg med tilbod for barn og unge (teater, konsertar, jubileum og liknande). Det kan vera eigne opplegg eller tilstellingar der ein ynskjer å bruke krefter utanfrå. Personar med følgjekort går gratis. Søknaden må innehalde:

- Budsjett og finansieringsplan
- Plan for bruk av overskot
- Garanti for underskotsdekning

4. Tilskot til prosjekt

Det kan søkjast om tilskot til prosjekt av lengre eller kortare lengde. Tilskot til prosjekt kan også gjelde forsamlingshus. Søknaden må innehalde:

- Budsjett og finansieringsplan

5. Tilskot til leiar-/instruktøropplæring.

Lag kan søkje om å få dekt delar av utgifter ved leiar- og instruktøropplæring. Trenaropplæring kjem inn under dette. Søknaden må innehalde:

- kopi av kvittering for utgifter i samband med gjennomført opplæring

6. Tilskot til einskildpersonar/kulturstipend

Tilskot kan òg gjevast til einskildpersonar, eventuelt i form av kulturstipend, dersom tiltaket har ein positiv verknad for kulturlivet i kommunen.

Stipendet skal vere ei inspirasjonskjelde og gje mottakaren høve til vidare utvikling innan sitt felt. Ein kan søkje sjølv eller bli foreslått av andre.

Stipenda kan vere på inntil kr. 15.000,- og rettar seg mot aldersgruppa 15–24 år. Målet er å heidle og støtte personar som har utmerkt seg gjennom sine aktivitetar, og som på ein framifrå måte representerer Hemsedal. Det er ynskjeleg å synleggjere kulturstipendvinnarane med utdeling på større arrangement.

Prioriteringskriterium

Ved vurdering vert det lagt særleg vekt på:

- tiltak for og med barn og unge
- inkludering, mangfald og likestilling
- lokal forankring og deltaking frå frivilligheita
- fagleg kvalitet og gjennomføringsevne
- samarbeid mellom frivillig og profesjonelt kulturliv
- at tiltaket støttar mål og behov frå kommunale kulturstrategiar

Søknad

Søknadsskjema og retningsliner finn ein på heimesida til kommunen www.hemsedal.kommune.no

Søknadsfristen er 1. april

Retningslinene for tildelinga av kulturmidlar skal kunngjerast breitt før søknadsfristen.

Søklarar som ikkje overheld fristen eller fylgjer retningslinene kan ikkje forvente tilskot.

Misbruk

Dersom ein person, organisasjon eller institusjon bryt føresetnadene for tilskot etter desse retningslinene, kan vedkomande miste retten til tilskot i eitt eller fleire år. Hemsedal kommune kan i etterkant av utbetalinga krevje å få sjå endeleg rekneskap og disponering av utbetalte tilskot.